

Sogn og Fjordane fylkeskommune
v/fylkesordførar Jenny Følling

Sogndal, 5. september 2019

OPPMODING TIL BIDRAG

Fyrst og fremst vil eg takke Sogn og Fjordane fylkeskommune for støtta til TV-aksjonen i fjor, kr. 100 000! Sogn og Fjordane hamna på topp med 55,69 kroner pr. innbyggjar! Landsgjennomsnittet var 48,60 kroner.

Samarbeid mellom fylkeskommunen har ein lang tradisjon og er heilt avgjerande i mobiliseringa av innbyggjarane til bøssebæring på aksjonsdagen 20. oktober. Vedlegget syner resultatet frå alle kommunane i fylket. Over 98 % av Noreg sine kommunar og fylke bidrog til TV-aksjonen i fjor.

Eg håper at Sogn og Fjordane fylkeskommune vil gje eit pengebidrag til TV-aksjonen NRK CARE 2019. I år er den store dagen 20. oktober.

TV-aksjonen i år går til arbeidet CARE gjer for å skapa eit betre liv for kvinner i nokre av verdas mest sårbare område. 400 000 kvinner skal få moglegheit til å tena sine eigne pengar, bestemma over eigen kropp og få si røyst høyrt i samfunnet. TV-aksjonsmidlane går til arbeidet CARE har i Mali, Niger, DR Kongo, Burundi, Rwanda, Palestina, Jordan, Afghanistan og Myanmar.

Denne aksjonen vil skape ringverknadar for meir enn 1,5 millionar menneske.

Slik kan de enkelt vera med å støtta TV-aksjonen:

For å synleggjera det breie engasjementet i landet blir alle bidraga registrert på www.giverstafett.no frå 1. august.

Når bidraget er registrert blir faktura straks sendt på e-post. Det går også an å lasta ned faktura som PDF etter at bidraget er registrert.

Om du ikkje får faktura på e-post med ein gong, ta kontakt med fylkesaksjonsleiar som kan hjelpe dykk.

På førehand tusen takk!

Venleg helsing
Oddrun Midtbø
Fylkesaksjonsleiar
958 61 776, sognogfjordane@tvaksjonen.no

